



Møteprotokoll for Formannskapet

Møtedato: 31.01.2017
Møtestad: Formannskapsrommet
Møtetid: 09:00 - 12:30

Frammøtte medlemmer	Parti	Rolle	Merknad
Tom Kristian Thorsen	SO	Ordfører	Ugild sak 09. Vara ikkje innkalla.
Kristin Nåmdal	SA	Varaordfører	
Linda Neset	SO	Medlem	
Ann-Jorunn Farestveit	SO	Medlem	
Kjetil Eikefet	SA	Medlem	

Frå administrasjonen:	Funksjon:	Rolle	Merknad
Ove Sæbø	Kultur- og utviklingssjef	Administrasjon	
Øivind Olsnes	Rådmann	Administrasjon	

Sakliste

Saknr	Tittel
005/2017	Godkjenning av innkalling og sakliste
006/2017	Godkjenning av møtebok
007/2017	Referatsaker
008/2017	Orienteringssaker
009/2017	Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonskraft for 2017 - 2020
010/2017	Høgsterett sak om eigedomsskatt på nettanlegg - økonomisk stønad til saka
011/2017	Tildeling - kulturminnevernmidlar 2017
012/2017	Reviderte retningsliner for tildeling av kulturmidlar
013/2017	Tilrettelegging helleristingar inkl. fysiske tiltak v/ Mostraumen
014/2017	Revisjon av SNP, arbeidsdokument styringsdok. 31.01.17
015/2017	Revisjon av vedtekter skulefritidsordning
016/2017	Revisjon vedtekter Modalen barnehage

Notat frå møtet:

Det vart halde eit kort møte i valstyret i forbindelse med møtet. Sjå eigen protokoll.

Flytting av møte i formannskapet

Det vart avtalt at oppsett møte den tirsdag 30. mai vert flytta til torsdag 1. juni 2017.

005/2017: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Innkalling og sakliste vert godkjent

006/2017: Godkjenning av møtebok

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Møtebok vert godkjend slik ho ligg føre

007/2017: Referatsaker

Behandling:
Samrøystes

Vedtak:
Referatsaker vert tekne til orientering.

008/2017: Orienteringssaker

Behandling:
Møter vedkomande Modalstunet
Ordførar orienterte om møte i arbeidsgruppa for omstilling ved Modalstunet den 10. 01.17 og om

personalmøte ved Modalstunet den 26.01.17. I møta har det vore drøfting omkring ulike tiltak for å omstille og tilpasse drifta til kommunen sitt behov for tenester i institusjon og open omsorg. Dette gjeld tiltak for reduksjon av årsverk, omfordeling av arbeidsoppgåver, endring av turnus med meir. Plan for tiltak vil verte handsama som sak i AMU. Endring vert føresett iverksett før ferien.

Tomt til Skytebane

Ordførar orienterte om at Coop Modalen har meddelt at dei er positive til å selje si tomt på Øvre Helland og at skyttarlaget vil søkje om at denne tomta vert tilrettelagt til føremålet. Ove Sæbø orienterte om at prosjektet ville kunne få ei større utteljing om tippemidlar om dette vart gjennomført i eit samarbeid med Vaksdal kommune.

Tomt på Mo

Rådmannen orienterte om oppfølging av tidlegare gjeven frist, kva som er avtalt med utbygger i høve søknad/førehandskonferanse og vidare oppfølging.

Turveg frå Helland til Eikhaugen

Ordførarar orienterte om kontakt med grunneigarar i høve ny bru over Eikhaugelva. dei er positive til at det kjem bru, men vil ikkje delta i kostnad med kjørebru. Ulike problemstillingar i høve saka vart drøfta.

Konklusjon/oppfølging:

1. Ordførar føl opp drøftingar med grunneigarar for å få skriftlege avtalar om bruk ev eigedomar til turføremål, før tiltak vert gjennomført.
2. Teknisk etat innhentar prisvurdering for ei kjørebru over Eikhaugelva.
3. Teknisk etat/kulturavdelinga førebear og gjennomfører opparbeiding av turstien frå Helland til Eikestølen når avtale med grunneigarar er på plass.

Vedtak:

Sakene vert tekne til orientering

009/2017: Avtale med Modalen kraftlag BA vedkomande konsesjonskraft for 2017 - 2020

Behandling:

Habilitet:

Ordførar gjekk frå under handsaming av saka då han var ugild grunna at han er gift med styreleiar i Modalen kraftlag, Fvl § 6 c.

Under handsaminga var det 4 medlemer til stades.

Varaordførar Kristin Nåmdal leia møtet.

Rådmannen orienterte om sine vurderingar og tilråding i saka.

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune overfører eiga konsesjonskraft til Modalen Kraftlag utan vederlag for den del av forbruket som går til kommunalt forbruk og til private innbyggjarar / kundar og landbruk.

Modalen kommune vidarefører underteikna avtale med Modalen kraftlag om sal av konsesjonskraft for den del som skal vidareselest til lokalt næringsliv, men med endring av pris i samsvar med vedtak i KS 017/2015. Differansen mellom marknadspris og kostpris skal heilt ut tilfalle næringsfondet.

All kraftmengda skal uavkorta stillast til rådvelde for abonnentane i Modalen kommune til lågast mogeleg pris der og prisen på kjøp og overføring av krafta bør bli teke omsyn til.

Vedtaket gjeld for disponering av kommunen si konsesjonskraft til og med 31.12.2020.

Rådmannen legg fram ny sak til kommunestyret i første halvår 2020.

010/2017: Høgsterett sak om eigedomsskatt på nettanlegg - økonomisk stønad til saka

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune støttar ankesak om eigedomsskatt på nettanlegg med kr 20.000, finansiert ved bruk av næringsfondet i 2017.

011/2017: Tildeling - kulturminnevernmidlar 2017

Behandling:

Kultur- og utviklingssjef Ove Sæbø orienterte om saka.

Samrøystes

Vedtak:

Formannskapet løyver:

- kr. 5 580,- i tilskot (50 % av materialkostnadane) til Terje Nygard til vedlikehald av støl på Nygard.

- kr. 38 955,- i tilskot (50 % av materialkostnadane) til Trond Helland til restaurering/flytting av stabbur/vedhus.

- kr. 29 850,- i tilskot (50 % av materialkostnadane) til Lewis H. Bolstad til renovering av eldhus.

- kr. 15 169,- i tilskot (50 % av materialkostnadane) til Liv og Reidar Nygard til støtte til vøling av tak på bustadhus.

Felles for kvar av løyvingane er at pengane vert utbetalt når arbeid er utført og kvitteringar ligg føre. Tilsegnet står ved lag i eit år frå vedtaksdato.

012/2017: Reviderte retningsliner for tildeling av kulturmidlar

Behandling:

Kultur- og utviklingssjef Ove Sæbø orienterte om saka.
Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune vedtek reviderte retningsliner d. 12.01.17 for tildeling av kulturmidlar.

013/2017: Tilrettelegging helleristingar inkl. fysiske tiltak v/ Mostraumen

Behandling:

Kultur- og utviklingssjef Ove Sæbø orienterte om saka.

Samrøystes

Vedtak:

Modalen kommune vedtek å gjennomføre tiltak som omhandlar fysisk tilrettelegging rundt helleristingspunkt v/ Mostraumen. Dette inneber skilting, tilrettelegging av parkeringsplass for båthamna samt bearbeiding og sikring av helleristingspunktet. Prosjektet er eit samarbeid mellom Hordaland fylkeskommune, grunneigar og Modalen kommune. Det vert løyvd inntil kr. 95 000,- i føreslegne investeringar finansierte gjennom næringsfondet.

Årlege driftskostnader på kr. 14 000,-er lagt inn i kulturbudsjettet.

014/2017: Revisjon av SNP, arbeidsdokument styringsdok. 31.01.17

Behandling:

Arbeidsdokument var sendt ut saman med møteinnkallinga.

Kultur- og utviklingssjef Ove Sævbø gjekk gjennom kva som var gjennomført med møte i referansegruppe og administrativ bearbeiding.

Behovet for å utvide referansegruppa til fleire deltakarar eller å ha eit ekstra møte for alle i prosessen vart drøfta.

Innspel til endring/prioritering av fokusområde vart drøfta. I møte vart det føreslege slik endring:

Nye/endra fokusområde:

- Infrastruktur (næringsareal / næringslokale / tilrettelegging av kontorarbeidsplassar)
- Utnytting av lokale naturessursar
- IKT
- Attåtnæring utgår som eige fokusområde, men inngår som strategisk tiltak under reiseliv

Vedtak:

Styringsgruppa held fram si drøfting av arbeidsdokument, føreslegne endringar og framdriftsplan i nytt møte, etter kommunestyremøtet torsdag den 16.02.2017

015/2017: Revisjon av vedtekter skulefritidsordning

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Vedtekter for Modalen skulefritidsordning vert vedteke slik dei ligg føre.

016/2017: Revisjon vedtekter Modalen barnehage

Behandling:

Samrøystes

Vedtak:

Vedtekter for Modalen barnehagen vert godkjendt slik dei ligg føre.
